
Saksnr: 2020/35639-8
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		11.02.2021

Klage på avslag – søknad om dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr,. 19
bnr. 349 - Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Klagen vert ikkje teken til følge. Vestland fylkeskommune v/Infrastruktur og veg Forvaltning Vestland sitt vedtak datert 31.01.2020 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense frå fylkesveg 49, vert oppretthalde.

Samandrag

Saka gjeld klage på avslag om søknad om dispensasjon frå veglova for oppføring av tilbygg til eksisterande hytte på gnr. 19, bnr. 349 i Kvam herad.

Fylkesrådmannen har vurdert saka på ny saman med klager sine merknader. Fylkesrådmannen finn at vilkåra for å gi dispensasjon etter veglova ikkje er oppfylt. Fylkesrådmannen finn at det i undersinstansen sitt vedtak ikkje er teke usaklege omsyn som inneber forskjellsbehandling. Fylkesrådmannen rår difor til at klaga ikkje vert teken til følge.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vurdering av klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr,. 19 bnr. 349 - Kvam herad
- 2 CCF02032020
- 3 Klage på avslag - Byggegrense - gnr 19 bnr 349 - Kvam herad
- 4 CCF02032020_0001
- 5 CCF02032020_0002
- 6 CCF02032020_0003
- 7 CCF02032020_0004
- 8 CCF02032020_0005
- 9 CCF02032020_0006
- 10 Søknad - vedlegg
- 11 Vedlegg
- 12 situasjonsplan

- 13 Avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gnr. 19 bnr. 349 - Kvam herad
- 14 Vurdering av klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr., 19 bnr. 349 - Kvam herad
- 15 Vurdering av klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr., 19 bnr. 349 - Kvam herad
- 16 Vurdering av klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr., 19 bnr. 349 - Kvam herad
- 17 Nye tilleggsopplysningar i saknr 2020/35639
- 18 CCF07122020
- 19 IMG_2611
- 20 IMG_2661
- 21 IMG_2676
- 22 IMG_2680
- 23 IMG_2683
- 24 IMG_2694
- 25 IMG_2695
- 26 IMG_2701
- 27 IMG_2711
- 28 Nye tilleggsopplysningar i saknr 2020/35639
- 29 Vurdering av tilleggsopplysningar - klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv 49 - gnr 19 bnr 349 - Kvam herad
- 30 INV si vurdering av tilleggsopplysningar i saknr 2020/35639
- 31 Vurdering av tilleggsopplysningar - klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv 49 - gnr 19 bnr 349 - Kvam herad
- 32 Ytterlegare tilleggsopplysningar frå klager
- 33 CCF06012021
- 34 21/38-21 - Innsynskrav i sveisdokumenter 2015114926-1, 2, 3, 4, 6 og 7
- 35 VS Spørsmål om heimelsgrunnlag for krav om avstand frå vegmitte til parkeringsareal langs Rv. 7 på Kvamskogen
- 36 VS Spørsmål om heimelsgrunnlag for krav om avstand frå vegmitte til parkeringsareal langs Rv. 7 på Kvamskogen
- 37 VS Jonshøgdi (gbnr. 2145) - utkast til tiltak
- 38 VS
- 39 VS
- 40 VS Spørsmål om heimelsgrunnlag for krav om avstand frå vegmitte til parkeringsareal langs Rv. 7 på Kvamskogen
- 41 Sak 2020/35639 - dispensasjon frå byggegrense - ber om uttale frå underinstans
- 42 vedtaksmynde - byggjegrænse mot fylkesveg i Kvam herad
- 43 førespurnad om presisering av føresegn
- 44 svar på førespurnad
- 45 Kopi - vedtaksmynde for byggjegrænse mot fv. 49 - Kvam herad
- 46 1BF6BE19-CF13-4C46-BA19-56311508714B
- 47 Tilleggsdokumentasjon i klagesak vedr saksnr 2020/35639-2
- 48 CCF03062020
- 49 CCF03062020_0001
- 50 IMG_2300
- 51 IMG_2298
- 52 IMG_2290
- 53 IMG_2303
- 54 IMG_2306
- 55 IMG_2311

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved brev av 16.12.2019 søkte Ing Asbjørn Danielsen Holding AS, på vegner av Svein Arne Trengereid, om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 49. Søknaden gjaldt tilbygg til eksisterande hytte på gnr. 19, bnr. 349 i Kvam herad. Tilbygget er planlagt 9,8 meter frå vegmidte, og 6 meter frå vegkant. Det er opplyst at tilbygget ikkje vil kome nærare veg enn kva tilfelle er for dagens bygg.

Vestland fylkeskommune v/Infrastruktur og veg Forvaltning Vestland (heretter underinstansen), fatta den 31.01.2020 vedtak om avslag på søknaden.

Svein Arne Trengereid klaga på vedtaket i skriv av 27.02.2020.

Underinstansen fann ikkje grunnlag for å ta klaga til følge, og oversendte 27.10.2020 klagesaka til klagenemnda v/sekretariatet for endeleg avgjerd.

Underinstansen sitt oversendingsnotat vart ikkje sendt som kopi til klagar, slik forvaltningslova § 33 fjerde ledd krev. Sekretariatet sende difor i e-post datert 25.11.2020 kopi av oversendingsnotatet m/vedlegg til klagar. Klagar sende i e-postar datert 27.11.2020 og 7.12.2020 inn ytterlegare merknader til klagesaka.

Sekretariatet bad underinstansen om å vurdere tilleggsmerknadene. I skriv av 18.12.2020 sende underinstansen si vurdering til sekretariatet og med kopi til klager.

I e-post datert 06.01.2021 har klagar kome med ytterlegare tilleggsmerknader.

I e-post datert 27.01.2021 bad sekretariat om at underinstansen gjorde nærare greie for rette vedtaksmynde i saka. I notat datert 28.01.2021 har underinstansen gjeve si vurdering på dette punkt.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda gjer vedtak i saka, jf. forvaltningslova § 28 (2), jf. reglement for folkevalde organ og delegering punkt 2. Sjå nærare utgreiing om vedtaksmynde under *Fylkesrådmannen sine vurderingar*.

Klagen

Klagar viser til at det ikkje er noko tilkomstveg til eigedomen og at han leiger plass til bilen på parkeringsplassen bak Steinbu. Klagar meiner eigedomen sin nærleik til fylkesvegen ikkje utgjør noko fare for trafikktryggleiken.

Klagar viser til at det ikkje er aktuelt å plassere snø på eigedomen når snørydding krev det.

Klagar viser til at planlagt tilbygg ikkje kjem i konflikt med detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom NAF og Eikedalen.

Klagar viser til at kommunedelplanen Fylkesveg 49 Tunnel forbi Tokagjelet, uavhengig av alternativ for tunnelliniintak, ikkje vil røre ved eigedomen. Det vil derfor heller ikkje vere trong for utviding av fylkesvegen her.

Klagar viser til at Statens vegvesen har foreslått endring av fartsgrense over Kvamskogen, og at dette kan innebere at det vert 60 km/t fartsgrense forbi eigedomen hans.

Klagar har vist til vedtak i klagenemnda om dispensasjon for tilbygg som gjeld naboeigedomen. Klagar viser til at det må vere likskap for lova.

Klagar peiker på at bruk av Rammeplan for avkjørslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region Vest (2017-2020) inneber nye reglar med tilbakeverkande kraft.

Fylkesrådmannen viser vidare til klagen i sin heilskap.

Klagar si e-post datert 27.11.2020 viser mellom anna til tidlegare e-post av 03.06.2020, der det går fram at det er sett opp eit nytt leilighetsbygg nærare enn 50 meter frå fylkesveg, og like i nærleiken av klagar si eigedom.

Klagar har i e-post datert 7.12.2020 kome med ytterlegare tilleggsopplysningar om nyoppført bod på gnr. 21 bnr. 45.

Klagar har i e-post datert 06.01.2021 kome med merknader til underinstansen si vurdering av tilleggsopplysningane. Nokre av merknadene gjeld Jonshøgdi Sameige, gnr. 21 bnr. 45. I tillegg har klager teke opp høve ved dispensasjonssak for gnr. 19 bnr. 266. Klagar viser til at vegmynde har gitt dispensasjon for oppføring av hytte 20 meter frå midtstripe og løyve til to parkeringsplassar ved ei busslomme. Klagar meiner Vestland fylkeskommune berre skal ha uttalerett til klagar sin søknad om dispensasjon frå byggegrense.

Fylkesrådmannen viser vidare til klagars tilleggsmerknader i sin heilskap.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Vedtaksmynde

Med bakgrunn i Kvam herad sine føresegner i punkt 1.6.3 i arealdel av kommuneplan 2019-2030, har fylkesrådmannen funne grunnlag for å be underinstansen gjere nærare greie for tilhøva kring rette vedtaksmynde. Underinstansen har i notat datert 28.01.2021 vist til Kvam herad sitt svar av 27.01.2021. Av svaret følgjer:

«Det er kommunen sin intensjon av øvrige fylkesvegar (alle andre enn 7, 48 og 49) skal ha ei byggegrense på 30 meter og at dette vert forvalta av kommunen gjennom plan- og bygningslova.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkesvegane 7, 48, 49 ikkje er råka av føresegn 1.6.3. Byggegrense på 50 meter følger då av veglova § 29 (2), og vegstyremakt Vestland fylkeskommune gjer vedtak i dispensasjonssøknader etter veglova §§ 30 og 34.

Rette vedtaksmynde for behandling av søknad er altså Vestland fylkeskommune, og klagenemnda er klageinstans.

Klagar har vist til at næraste nabo ved gnr/bnr 19/411 er med i reguleringsplanen «*Skårane, Dalen, Leite, Vassværena*. Klagar viser til at delar av nabo sin eigedom har felles grense til klager sin eigedom. Etter klagar si vurdering betyr det at reguleringsplanen ligg langs delar av klagar si eigedom, der felles grense ligg 16 meter frå kvit stripe på fylkesvegen. Etter klagar si vurdering er det derfor naturleg å vurdere tiltak på hans eigedom ut frå den nye reguleringsplanen. Klagar meiner at vegmynde kun burde ha uttalerett heller enn vedtaksmynde til hans byggeplanar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at klagar sin eigedom ikkje er del av den aktuelle reguleringsplanen. Fylkesrådmannen kan derfor ikkje slutte seg til klagars vurderingar.

Klagar har vidare vist til at § 29 i veglova gjev opning for unntak frå kravet om byggegrenser dersom det står noko anna i kommuneplanen "eller" reguleringsplanen. Etter klagar si vurdering inneber dette at § 29 opner opp for at ein kan forhalde seg kun til kommunedelplan dersom eigedomen ikkje er med i ein reguleringsplan. I følgje klagar burde vegmynde kun ha uttalerett heller enn vedtaksmynde til byggeplanane, då det ikkje er byggegrenser langs fylkesvegen i kommunedelplanen.

Fylkesrådmannen kan ikkje slutte seg til klagar si lovforståing. Fylkesrådmannen legg til grunn at veglova sine generelle byggegrenser gjeld, der ikkje anna går fram av arealdel til kommuneplan eller reguleringsplan etter plan - og bygningslova.

Rettsleg grunnlag

Ein søknad om dispensasjon frå byggjegransa skal avgjerast etter ei avveging mellom søkjaren si interesse i å få dispensasjon på den eine sida og omsynet til trafikktryggleiken, vedlikehaldet og drifta av vegen, arealbehovet ved utbetring av vegen og miljøet langs vegen på den andre sida, jf. veglova § 29 første ledd, jf. §§ 30 og 34.

Rammeplan for avkøyrsløser med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017-2020) (heretter Rammeplan)

Klagar peiker på at bruk av Rammeplan inneber nye reglar med tilbakeverkande kraft. Klagar peiker på at eit avslag i klagar si sak i praksis inneber ekspropriasjon av eigedomen.

Fylkesrådmannen peiker på at dokumentet ikkje er juridisk bindande, men eit verktøy som skal sikre einsarta, framtidretta og føreseieleg praksis for same type saker.

Fylkesrådmannen slår fast at fylkesveg 49 per no er klassifisert i haldningsklasse 2 (streng). Frå byggegrense på 50 meter, vert det vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det ligg føre reguleringsplan. Unntak kan vurderast der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare.

Klagar viser til at Statens vegvesen har foreslått endring av fartsgrense over Kvamskogen, og at dette kan innebere at det vert 60 km/t fartsgrense forbi klagar sin eigedom. Fylkesrådmannen konstaterer at fartsgrensa på staden i dag er 80 km/t, og legg dagens situasjon til grunn for si vurdering. Fylkesrådmannen slår fast at kriteria for å vurdere unntak etter Rammeplan i denne saka ikkje er oppfylt.

Omsynet til trafikktryggleiken

Klagar viser til at det ikkje er noko tilkomstveg til eigedomen og at han leiger plass til bilen på parkeringsplassen bak Steinbu. Klagar meiner at eigedomen sin nærleik til fylkesvegen ikkje utgjør noko fare for trafikktryggleiken.

Fylkesrådmannen syner til at fartsgrensa på staden er 80 km/t og at planlagt tilbygg ligg svært nære veg. Fylkesrådmannen kan likevel ikkje sjå at det frå underinstansen si side er framheva konkrete ulemper knytt til trafikktryggleiken ved ein eventuell dispensasjon. Fylkesrådmannen finn difor ikkje å leggje vekt på dette omsynet i si vurdering.

Omsynet til drift og vedlikehald av vegen

Klagar viser til at 2/3 av eigedomen har stup/skjæring mot grense til fylkesveg, og at det difor ikkje er aktuelt å plassere snø her når snørydding krev det. Klagar viser til fleire flate areal og nedoverbakkar på andre sida av fylkesvegen som entreprenørar har nytta til snøplassering ved behov.

Underinstansen har vist til at høgdeforskjell mellom vegen og eigedomen der tilbygget er søkt plassert, er under fire meter og at det kan bli store mengder snø som kan bli aktuelt å plassere på eigedomen. Underinstansen har vist til at vindaug vendt mot vegen vil innebere mindre rasjonell brøyting grunna omsynet til å unngå skader.

Fylkesrådmannen sluttar seg til underinstansen si vurdering av at planlagt tilbygg kan hindre rasjonell brøyting og snøopplag, og vere til klar ulempe for den daglege drifta av vegnettet. Fylkesrådmannen har i si vurdering lagt betydeleg vekt på omsynet til drift og vedlikehald av vegen.

Omsynet til arealbehov for vegen

Klagar viser til oppstartsvarsel frå Multiconsult frå 2015, om detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg frå NAF til Eikedalen, der «*Føremålet med planen er i hovudsak gang- og sykkelveg langs sørsida av fylkesveg 7 (fylkesveg 49)*». Klagar sin eigedom ligg på nordsida av fylkesvegen, og det vil i følgje klagar ikkje vere trong for utviding av fylkesvegen her.

Underinstansen har vist til at reguleringsplanen ikkje har vore på høyring, og at det ikkje er utarbeidd eit detaljert forslag. I følgje underinstansen kan det bli trong for å endre vegbana og rette ut kurver.

Underinstansen har dessutan vist til at det for samfunnet er viktig å syte for at det finns areal langs vegen som kan nyttast ved ulike framtidige utbetringstiltak. Dette kan vere mindre tiltak som enklare kurveutretting, mindre utbetring av vegbreidd eller sikring av sideterreng.

Fylkesrådmannen legg til grunn at det per no ikkje ligg føre konkrete utvidingsplanar for vegen. Fylkesrådmannen peiker likevel på at planlagt tilbygg ligg svært nærme veg, og at dette vil kunne vere til hinder for sjølv mindre utbetringar. Fylkesrådmannen har difor gjeve omsynet til arealbehovet for vegen noko vekt.

Miljøomsyn/støy

Klagar viser til at tilbygget vil bli støysikra ut frå byggt teknisk forskrift. Klagar viser til at støy i utgangspunktet ikkje er noko problem.

Fylkesrådmannen legg til grunn at søknaden gjeld eit tilbygg som vil gjere hyttestorleiken vesentleg større og leggje til rette for langtidsopphald for fleire personar enn tidlegare. Fylkesrådmannen konstaterer at eigedomen i sin heilskap ligg innanfor raud støysone. Av "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging", T-1442/2016, går fram at ein som hovudregel skal unngå støyfølsam busetnad i raud sone. Fylkesrådmannen har i sin heilskapelege vurdering ved om dispensasjon skal gis, lagt vekt på å unngå støyfølsam busetnad i raud sone.

Omklassifisering av veg

Kvam herad og Samnanger kommune har gjort vedtak om kommunedelplanen Fylkesveg 49 Tunnel forbi Tokagjelet. Klagar viser til at det vil bli mindre trafikk når tunnelen er bygd, og at fylkesvegen vil bli omklassifisert til kommunal veg.

Fylkesrådmannen held seg til gjeldande klassifisering i dispensasjonssaker etter veglova, og finn ikkje å leggje vekt på mogleg framtidig omklassifisering.

Likskap for lova

Klagar har trekt inn fire andre tilfelle som klagar meiner er samanliknbare med føreliggjande sak. Klagar forventar likskap for lova. Fylkesrådmannen legg til grunn at det i forvaltninga eksisterer eit ulovfesta prinsipp om forbod mot usakleg forskjellsbehandling.

Det første høve gjeld hyttenabo ved gnr. 21, bnr. 918, som gjennom klagevedtak i klagenemnda (Hordaland fylkeskommune) fekk dispensasjon frå byggegrensa til å oppføre tilbygg 21 meter frå fylkesvegmidte. Underinstansen har vurdert sakshøva slik at avstand i meter utgjør ein vesentleg skilnad.

Fylkesrådmannen viser til sine vurderingar under omsyn til drift og vedlikehald og under omsyn til arealbehov for vegen. Etter fylkesrådmannen si vurdering, vil desse omsyna ha større vekt jo nærmare tiltaket er veg, og difor òg kunne leie til ulike utfall.

Det andre høve gjeld Jonshøgdi sameige på gnr. 21 bnr. 45, som ligg i nærleiken av klager si eigedom. Underinstansen uttaler:

«I motsetnad til klager si eigedom som ikkje er regulert, er bygg her ført opp i medhald av ein eldre plan frå 2004, som no er erstatta av detaljreguleringsplan med planID 20130006 «Skårane, Dalen, Leite, Vassværena», vedteken i 2020. Den eldre planen vart vedtatt før kommunedelplanen for Kvamskogen, og før ein byrja å praktisere ein streng haldning i samsvar med føringar i rammeplanen på Kvamskogen.»

Og vidare:

«Rammeplanen stadfestar at innanfor byggegrensa til fylkesvegar med haldningsklasse 1 og 2, skal det vanlegvis ikkje gjevast dispensasjon utan at det føreligg ein reguleringsplan. Føremålet med reguleringsplanar er å gjere ei totalvurdering av arealbruken innanfor eit avgrensa område. Reguleringsplanen er ein viktig reiskap for å avklare tema som auka bilbruk og parkering i et område. Ved ei slik totalvurdering vil andre viktige omsyn også ha verknad på kva byggegrenser som bør fastsettast i planen. I ein reguleringsplan vil det bli gjennomført ei vurdering av behovet i eit samfunn, og ikkje berre ei vurdering ut frå veg- og trafikkinteressene. I praksis betyr dette at myndene kan vere meir liberal ved fastsetting av byggegrense i reguleringsplanar, fordi ein har kunnskapsgrunnlag til å kunne vekte andre omsyn enn veginteresser.

I regulerte område er det kommunen som er planmynde etter plan- og bygningslova. Vegmynde fattar såleis ikkje vedtak om dispensasjon frå byggegrensa, men har uttalerett til planane.»

Fylkesrådmannen sluttar seg til den orientering underinstansen her gir om skilnader i saker som gjeld dispensasjon frå byggegrense etter veglova og dispensasjonssaker som vert behandla etter plan- og bygningslova.

Når det gjeld oppført bod på gnr. 21 bnr. 45, viser fylkesrådmannen til at egedomen er omfatta av reguleringsplan, og at det eventuelt er kommunen som har behandla søknad om oppføring av bod innanfor regulert byggegrense etter plan- og bygningslova. Klagar gjer eit poeng av at Statens vegvesen har uttalt seg til byggjesøknad, medan det går fram av underinstansen si formulering at «tiltak vi ikkje har uttalt oss om, kan ikkje sette presedens for nye tiltak.» Fylkesrådmannen legg til grunn at formuleringa det er vist til, gjeld *oppføring av bod*. Kva gjeld andre bygg på gnr. 21 bnr. 45, har fylkesrådmannen for ordens skuld innhenta uttalene Statens vegvesen den gong kom med (e-postkorrespondanse mellom søker og Statens vegvesen er lagt ved saka). Uttalene frå Statens vegvesen viser deira prinsipielle krav om minimum 20 meter avstand frå parkering til vegmidte på snøtunge plassar, samt gjev ei klargjering av heimelsgrunnlaget for plassering av brøytesnø på naboeigedomar til veg.

I e-post datert 06.01.2021 trekker klagar inn dispensasjonssak for gnr. 19 bnr. 266, der det vart gjeve dispensasjon for oppføring av erstatningshytte 20 meter frå midtstripe. Klagar viser til at vegmynde har gjeve løyve for eigar til å nytte to parkeringsplassar ved ei busslomme med busstopp. Fylkesrådmannen legg til grunn at dispensasjon gjeld oppføring av ny hytte til erstatning for hytte som skal rivast, og at dispensasjonsløyve ikkje gjeld biloppstillingsplass. Saka skil seg soleis frå klagars sak både kva gjeld avstand til vegmidte og at det er tale om erstatningshytte og ikkje eit større tilbygg.

Fylkesrådmannen finn ikkje at det i føreliggjande sak er teke usaklege omsyn som inneber forskjellsbehandling frå sakene som her er referert.

Konklusjon

Fylkesrådmannen har vurdert saka på ny og dei klagegrunnane klagar har kome med. I den heilskaplege vurderinga av om det skal gis dispensasjon etter veglova § 29 første ledd, jf. §§ 30 og 34, har fylkesrådmannen lagt betydeleg vekt på behovet for rasjonell drift og vedlikehald av vegen. Fylkesrådmannen har òg lagt vekt på omsynet til arealbehov ved mogleg utbetring av vegen og omsynet til å unngå busetnad i raud støysone.

Fylkesrådmannen finn at vilkåra for å gi dispensasjon etter veglova ikkje er oppfylt. Det er ikkje teke usaklege omsyn som inneber forskjellsbehandling i denne saka. Klagen vert ikkje teken til følge.